

Uttale vedteke på styremøte 27.05.2020 i Naturvernforbundet i Trøndelag

Styret i Naturvernforbundet i Trøndelag viser til diskusjonen om bruk av uttrykket "*etnisk rensing*" i samband med korleis dei store inngrepa frå vindkraftutbygging fungerer for det samiske samfunnet, og vil uttale:

1. Det skal vera stor takhøgd for å uttale seg for lokallag og fylkeslag i Naturvernforbundet.
2. Det er avgjerande at alle organ i Naturvernforbundet held seg til vedtektene når det gjeld rammer for ytring, og til kven som har kompetanse til å definere forbundets politikk. Ifølgje vedtektene er ikkje lokallag og fylkeslag bunde av politikk fastlagd av sentral leiing. Dersom det oppstår motstrid mellom sentral og lokal politikk/ utsegner, må lokale organ ha rett til å argumentere for sitt syn. Sentrale organ skal ikkje overstyre/ irettesette utsegner og politikk uttrykt av lokale organ. Det er Landsstyret, som etter vedtektene § 4-1 er ansvarleg for at laga blir drivne i samsvar med vedtektene. Dersom det er uklart, eller det er usemje om utsegner og handlingar frå lokale organ er innafor ramma av Naturvernforbundets vedtekter, må dette bli avklart med Landsstyret/ Landsmøtet.
3. Styret i Naturvernforbundet i Àvjovàrri i Finnmark har argumentert for at dei store inngrepa i samisk reindriftsområde i realiteten fungerer som "*etnisk rensing*". Vi meiner at denne utsegna er innafor Naturvernforbundets takhøgd for å uttale seg.
4. Ut i frå dette meiner styret i Naturvernforbundet i Trøndelag at det var feil av leiar, nestleiar og generalsekretær i Naturvernforbundet å gje korreks til leiar og nestleiar i lokallaget i Àvjovàrri. Vi ber landsstyret om å slå fast at den aktuelle «korreksen» ikkje skulle vore gjeven. Vi ber også Landsstyret om å oppmode Svein Lund og resten av styret i lokallaget i Àvjovàrri om å ta opp att sine funksjonar.
5. Naturvernforbundet i Trøndelag ser at inngrep frå vindkraftutbygging trugar framtida til samisk reindrift over heile landet. Dette gjeld også fleire stadar i Trøndelag. Fordi sørsamisk kultur og identitet er spesielt sterkt knytt til reindriften, representerer desse inngrepa i Trøndelag på sikt ein reell trussel mot framtida til heile det sørsamiske samfunnet.
6. Vi ber alle krefter i Naturvernforbundet samle seg for å stanse dei store naturinngrepa frå vindkraftutbygging. Dette gjeld ikkje minst i samiske reindriftsområde, uansett kva syn ein har på kva ord som er rett å bruke om inngrepa.